



Arkivnr: 2014/11118-2

Saksbehandlar: Anne Vedvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		19.03.2014

SØKNAD OM OPPRETTING AV 3 NYE DROSJELØYVE KNYTT TIL NORDHORDLAND TAXISENTRAL SA

Samandrag

Nordhordland Taxisentral SA har i brev av 13. november 2013 søkt om opprettning av 3 nye drosjeløyve knytt til sentralen. Taxisentralen grunngjev søknaden med at dei har jamn auke i oppdragsmengda, og at det derfor er trong for fleire ordinære drosjeløyve i området.

Drosjeløyve er i fylgje yrkestransportregelverket behovsprøvd. Det inneber at det i denne saka skal vurderast om det er ein udekka etterspurnad etter drosjetenester i Nordhordlandregionen – og om ein slik udekka etterspurnad i så tilfelle er stor nok til å gje eit økonomisk inntektsgrunnlag for fleire drosjeløyve.

Saka har i samsvar med vanleg praksis vore sendt på høyring til kommunane Meland, Lindås, Radøy og Austrheim samt til Norgestaxiforbund avd. Hordaland. Berre Meland kommune har svart. Meland kommune er positiv til søknaden frå Nordhordland Taxisentrale SA.

Forslag til vedtak

Samferdselsutvalet godkjenner at det vert oppretta tre nye drosjeløyve knytt til Nordhordland Taxisentral SA.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 17.02.2014

Innleiing

Nordhordland Taxisentral SA har i brev av 13. november 2013 søkt om oppretting av 3 nye drosjeløyve knytt til sentralen. Taxisentralen grunngjev søknaden med at dei har jamn auke i oppdragsmengda, og at det derfor er trong for fleire ordinære drosjeløyve i området.

Drosjeløyve er i fylgje yrkestransportregelverket behovsprøvd. Det inneber at det i denne saka skal vurderast om det er ein udekka etterspurnad etter drosjetenester i Nordhordlandregionen – og om ein slik udekka etterspurnad i så tilfelle er stor nok til å gje eit økonomisk inntektsgrunnlag for fleire drosjeløyve.

Høyringsuttale

Saka har i samsvar med vanleg praksis vore sendt på høyring til kommunane Meland, Lindås, Radøy og Austrheim samt til Norgestaxiforbund avd. Hordaland. Berre Meland kommune har svart. Meland kommune er positiv til søknaden frå Nordhordland Taxisentral.

Meland kommune har gjeve følgjande uttale i saka:

«*Utval for drift og utvikling er positiv til tiltak som betrer tilbodet for innbyggjarane i kommunen og har ingen merknader til søknad om opprettning av 3 nye drosjeløyve for Nordhordland Taxisentral SA*»

Fylkesrådmannen si vurdering

Nordhordland Taxisentral har i dag 28 ordinære drosjeløyve og 5 reservedrosjeløyve. Av desse er 3 løyve sentralen sine eigne løyve, resten er løyve hjå sjølvstendige løyvehavarar.

Nordhordland Taxisentral søkte om og fekk oppretta 3 nye drosjeløyve i 2012. Det kom ikkje søkjrarar til 2 av desse løyva. Etter søknad frå sentralen vart desse løyva omgjort til reservedrosjeløyve og det vart oppretta ytterlegare 1 ekstra reservedrosjeløyve. Totalt fekk Nordhordland Taxisentral utvida løyveporteføljen med 1 ordinært drosjeløyve og 3 reservedrosjeløyve i 2012. Utvidinga innebar likevel at sentralen ikkje fekk tilført meir enn 1 ny løyvehavarar på denne måten. Det går fram av søknaden at sentralen no har arbeidd aktivt med å motivera sjåførar til å bli løyvehavarar, og at sentralen har tru på at det skal koma søkjrarar og dermed nye løyvehavarar ved eventuell kunngjering av 3 nye løyve.

I Nordhordlandsregionen (Meland, Lindås, Radøy og Austrheim) er det totalt ca. 25.600 innbyggjarar. Med dagens løyveportefølje er det ca 775 innbyggjarar per drosje i regionen, ein auke med 3 nye drosjeløyve gjev ca 711 innbyggjarar per drosje. Til samanlikning er det i Bergen køyreområde (Bergen, Askøy, Fjell og Sund) ca 433 innbyggjarar per drosje og på landsbasis ca 611 innbyggjarar per drosje.

Nordhordlandsregionen er ein region i vekst, men busettingsmønsteret er relativt spredt. Dette kan nok verka inn på folks reisevanar på ein slik måte at etterspurnaden i Nordhordland ikkje er heilt samanliknbar med t.d. etterspurnaden i Bergen. Det er likevel relativt stort sprik mellom det gjennomsnittlege forholdet mellom innbyggjarar og drosjer på landsbasis, og det som er tilfelle i Nordhordland. Fylkesrådmannen legg såleis til grunn at det er ein udekka etterspurnad etter drosjetenester i Nordhordland og at denne etterspurnaden er stor nok til å gje eit økonomisk inntektsgrunnlag for fleire drosjeløyve.

Fylkesrådmannen rår på denne bakgrunn til at det vert oppretta 3 nye ordinære drosjeløyve knytt til Nordhordland Taxisentral SA.